

LUSTRABAATANE AS
post@lustrabaatane.no
6879 SOLVORN

Dato: 07.03.2017
Vår ref.: 2017/2324-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for strekninga Eidfjord - Ulvik - førebels svar

Vi viser til dykkar brev av 28.02.17 med søknad om ruteløyve for strekninga Eidfjord – Ulvik.

I følgje yrkestransportforskrifta § 10 jf § 7 må søknad om ruteløyve - i tillegg til den dokumentasjonen som følgde søknaden dykkar – også vere vedlagt følgjande dokumentasjon:

- Attest om restansar på skatt, avgift mv frå kommunekasserar/skattefuten for verksemda.
- Attest om restansar på skatt, avgift mv frå kommunekasserar/skattefuten for dagleg leiar.
- Stadfesting frå konkursregisteret for dagleg leiar.
- Garantierklæring frå bank eller trygdslag pålydande kr 81 000 for første fartøy som skal nyttast i rutedrifta og kr 45 000 for kvart ekstra fartøy som skal nyttast.

Dokumentasjonen må vere av nyare dato enn 3 månader.

Løyvestyresmakt er Hordaland fylkesutval, som gjer vedtak etter innstilling frå utval for miljø og samferdsel. Saka kan tidlegast handsamast i møte i fylkesutvalet 3.-4. mai. Dette føreset at den manglande dokumentasjonen vert motteke seinast **29. mars**.

Vedlagt følgjer faktura for sakshandsamingsgebyr.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.